

Frå: Siril Therese Sylta
Send: fredag 5. november 2021 09:08
Til: rolv@arkrolveide.no; ok@vatnoy.no
Emne: Tilbakmelding vedkomande parkering og tilkomst til gbnr 188/388 Gjervik ytre
Vedlegg: nedkjørsel.pdf; D-201.pdf

Hei.

Viser til tidlegare korrespondanse i saka i vårt brev datert 27.01.2021 og møte 5.5.2021 der de bad om ei ny vurdering av etablering av tilkomst til underetasje på Norbo- bygget.

Alver kommune er positiv til å vurdere mellombels dispensasjon frå plankravet og arealføremålet o_ST1 i områdeplanen for Knarvik for etablering av tilkomst for parkering i underetasje på bygget. Tilrettelegging for parkering i underetasjen er, slik vi forstår det, for å leggje betre til rette for leigetakar i bygget.

Vi treng meir detaljerte teikningar og profilar av tilkomsten som skal etablerast, slik at vi får vurdert det i forhold til den kommunale vegen, og får sett det i forhold til det arbeidet som skjer med omlegging av vegen i samband med bygginga av oval rundkøyring som pågår no. Eg legg ved ei oppdatert teikning som er frå dette prosjektet. Tilkomsten til parkeringa i underetasjen bør tilpasse seg ei av avkøyrslene som vert reetablert ved omlegging av kommunal veg i samband med bygginga av ny rundkøyring.

I forhold til prosessen vidare kan de enten gå rett på innsending av søknad om mellombels dispensasjon og eventuelt byggeløyve. Dersom de ønskjer ytterlegare avklaringar i forkant, kan vi sette opp ein førehandskonferanse der de i forkant sender inn oppdatert situasjonsplan med tilhøyrande profilteikningar av ny tilkomstveg og avkøyrslene til kommunal veg.

Andre forhold i samband med ein eventuell søknad er ikkje vurdert frå kommunen i denne omgang.

Mvh

Siril Therese Sylta | Tenesteleiar Arealforvaltning

Telefon: 409 108 80

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Rolv Eide

Sendt: 22. desember 2020 11:55

Til: postmottak@alver.kommune.no

Kopi: Olav Kåre Vatnøy (ok@vatnoy.no) <ok@vatnoy.no>

Emne: Nedkjørsel Norbo-bygget. Eiendom 188/388

På vegne av tiltakshaver, Norbo AS, bes det om tilbakemelding på følgende forespørsel.

På eiendom g/b.nr. 188/388, Norbohuset ønskes det å etablere en nedkjørsel og garasjeport i u.etasjen. Dette medfører etablering av vegtrase, se vedlagt situasjonsplan, og etablering av port i fasaden. Tiltaket er i strid med områdeplanen for Knarvik sentrum. Det er her tenkt en større uteplass uten innkjøringsmuligheter.

Om dette er en endelig plan eller om dette blir revidert slik at senterområdet får en innkjøring vites ikke i dag.

Vi er derfor ute etter å få opplysninger om fremgangsmåten vedr. søknad eller om dette ikke vil bli akseptert pga planforslag.

Vi ønsker å søke på følgende måte:

1. Søknad med dispensasjonssøknad fra plankrav.
2. Søknad om midlertidig opparbeidelse av nedkjørsel i påvente av avklaring for områdeplanen.

Det vedlegges områdeplan hvor tiltaket er merket med rød sirkel og situasjonsplan som viser tenkt nedkjørsel.

Ber om hurtig tilbakemelding slik at vi kan forberede eventuell søknad.

Med vennlig hilsen

Rolv Eide

Daglig leder

ARKITEKT
ROLV EIDE AS

ADRESSE | Postboks 325, 5343 Straume

TELEFON | 56 33 23 80

MOBIL | 901 67 101

EPOST | rolv@arkrolveide.no

WEB | www.arkrolveide.no